

Saksgrunnlag til områdeutvala

Tittel på sak:	Avvik og læring mellom spesialisthelsetenesta og kommunane
Dato:	10.01.2024
Saksinmeldar	Øygarden kommune i samarbeid med Helse Bergen
Saksnummer	5 - 2024

Bakgrunn

Både kommunane og Helse Bergen opplever at systemet som vert nytta i dag for melding av avvik ikkje legg til rette for forbetring og god samhandling.

Rutinane knytt til melding av avvik ligg på felles nettside www.saman.no

Det er ikkje system for å kunne gå inn og melde i eit felles system. Alle meldingar må sendast pr post (elektronisk).

Erfaringane til både kommune og spesialisthelsetenesta er at ein i for liten grad får tilbakemelding på avvika samt mogelegheit for god dialog med mål om læring og forbetring. Det er eit felles ønskje at det skulle vore råd å sende avvik digitalt i eit felles system. Dette ønskje er meldt både regionalt og nasjonalt. Status er at det vert arbeidd med tekniske løysingar, men at det er krevjande og vil ta tid.

Vurdering/drøfting

Avvik er eit verktøy for å kunne drive kvalitetsforbetringsarbeid for å unngå at liknande hendingar skal skje på ny samt informasjon om både enkeltsaker og systemutfordringar. Ved avvik i kommune/føretak er det interne rutinar for korleis ein handsamar avviket og set inn tiltak for å førebyggje at avviket gjentek seg.

Det at ein ikkje har eit godt system på tvers av organisasjonane gjer at melding er tungvindt og gjer at avvik ikkje vert meldt og viktige område for forbetring ikkje vert fanga opp og gjort noko med.

Kva kan vi få til inntil eit digitalt meldesystem for avvik er på plass?

Øygarden kommune og Helse Bergen trur det kan vere nyttig og lærerikt for begge partar – om det eksisterte ein møteplass for å finne løysingar i lag på avvik som skjer i samband med overføring av pasientar. Det vil skape større forståing for kvarandre og gje betre læring og i større grad sikre at me unngår uønska hendingar.



Spørsmål til drøfting i områdeutvala:

- Er det interesse og vilje til å prøve ut ein digital samhandlingsarena på tvers av kommunar og sjukehus der samhandlingsavvik og samhandling tematiserast?
- Korleis kan ein slik samhandlingsarena organiserast på ein hensiktsmessig måte med tanke på mellom anna nedslagsfelt (kva kommunar møter?), tidsbruk, hyppigheit på møter, personvernomsyn?
- Er det eksisterande arenaer som kan nyttast til dette føremål?

Forslag til vedtak

OU Nordhordland ønskjer å prøve ut ein digital samhandlingsarena på tvers av kommunar og sjukehus der samhandlingsavvik og samhandling er tema. Representantar frå kommunar og sjukehus tek eit felles ansvar for møteinnkallingar og dagsorden.

